



Vågsøy kommune
Postboks 294
6701 MÅLØY

Vår dato: 26.03.2019
Dykkar dato: 21.01.2019
Vår ref: 2019/2281
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Vågsøy kommune – ny handsaming av budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022

Vågsøy kommunestyre har i møtet 13.12.2018, sak 115/18, handsama og vedteke budsjett- og økonomiplan for 2019 – 2022.

Vi viser elles til videomøte med kommunaleiinga måndag 25.03.2019. Etter vår gjennomgang av mottekne dokument og oppfølging for nærmare avklaringar, er konklusjonen til Fylkesmannen at:

Vågsøy kommunestyre må handsame og gjere eit nytt vedtak for budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022, som er i samsvar med kommunelova med tilhøyrande forskrifter og standardar.

Budsjett 2019

Etter bruk av disposisjonsfond på 5,6 mill. kroner er budsjettet vedteke i balanse, men med eit negativt netto driftsresultat på 6,7 mill. kroner, - 1,3 %. Kommunen har i 2018 brukt 34 mill. kroner av kommunens pensjonsfond. Dette er ei «eingongsinntekt», men får òg betydning for inntekter i 2019 gjennom det amortiserte premieavviket. Saman med budsjettet premieavvik for 2019, bidreg dette til saman med 38,7 mill. kroner inklusiv arbeidsgjevaravgift i 2019. Samanlikna med Vågsøy vel Kinn kommune eit anna prinsipp for amortisering av premieavvik, og effekten for den nye kommunen må bereknast på nytt frå 2020. Det er i ein felles sum budsjettet med innsparinger i vakante stillingar med 1,8 mill. kroner. Dette er i hovudsak stillingar som ikkje blir med til Kinn kommune.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 202,5 mill. kroner, av dette 165,1 mill. kroner der finans- og driftsutgifter belastar drifta og 37,4 mill. kroner til prosjekt som er sjølvfinansierande gjennom brukarbetaling (VAR). Kommunen planlegg å finansiere investeringane med 162,5 mill. kroner i lån, og resterande med momskompensasjon og sal av anleggsmidlar. Etter førebelse Kostra-tal¹ for 2018 har kommunen ei langsiktig lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) på 750 mill. kroner, som utgjer 133 % av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet er på 104 %. Kommunen har ei netto renteeksponering på 74,5 %² av brutto driftsinntekter. Det betyr at ei renteauke på ein prosent, isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 0,7 – 0,8 % av driftsinntektene. Gjennomsnittleg

¹ og ² Kjelde: Statistikkbanken SSB, førebelse Kostra-tal 2018



renteeksponering for alle kommunar i landet er 42 %. Etter 2018 har kommunen eit disposisjonsfond på 3,5 mill. kroner (0,6 % av driftsinntektene), og eit mindreforbruk på 15,1 mill. kroner ³.

Det er under investeringar budsjettet med kr 7 750 000 i tilskot til ein ny fotballhall i Florø i Flora kommune. Kommunen opplyser at tilskotet kvalifiserer til at hallen blir eit interkommunalt anlegg, og det utløyser 30 % ekstra i spelemidlar.

Det er ikkje budsjettet med eigenkapitalinnskot til KLP. Det er i 2019 forventa å ligge på same nivå som for dei siste åra, om lag 1,5 mill. kroner. Kommunen vil innarbeide dette i komande budsjettrevisjon, og tilskotet må finansierast med overføring frå drift eller ubundne fond.

Fylkesmannens vurderingar

Kommunen må bruke av tidlegare avsette midlar for å balansere drifta i 2019. Dette viser att i eit negativt netto driftsresultat, som igjen viser ei drift i økonomisk ubalanse. I første budsjettrevisjon må innsparinger i vakante stillingar fordelast på ramme-/tenesteområda. Kommunen har alt høg lånegjeld, og planlegg vidare ytterlegare ei sterk auke. Dette betyr auka finansutgifter til Kinn kommune, og den nye kommunen blir meir sårbar for ei ev. auke i renta som igjen får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane.

Etter god kommunal rekneskapskikk, skal tilskot til andre juridiske einingar sine investeringar budsjetterast og førast i driftsrekneskapen. Vågsøy kommune må derfor budsjetttere og føre tilskotet til fotballhallen i Florø i drifta.

Økonomiplan 2019 – 2022

Etter økonomiske oversyn har kommunestyret vedteke ein økonomiplan i «teknisk» balanse. Men i perioden 2020 – 2022 er det kvart år budsjettet med innsparinger som ikkje er endeleg fordelte. Innsparingane er lagt fiktivt under posten felles utgifter/inntekter, og dermed ikkje fordele ut på dei enkelte ramme- /tenesteområda. Beløpa utgjer 25,4 mill. kroner i 2020, 42,8 mill. kroner i 2021 og 43,6 mill. kroner i 2022. Det same gjeld innsparinger i vakante stillingar, til saman 1,8 mill. kroner. Det er budsjettet med negative netto driftsresultat i heile økonomiplanperioden.

Ut frå budsjetterte investeringar, planlegg kommunen å ta opp 270 mill. kroner i nye lån dei neste fire åra. Av dette 162,5 mill. kroner i 2019, før samanslåinga med Flora kommune. Samla betyr dette ei utvikling av ei brutto lånegjeld til 850 mill. kroner i 2022, som utgjer nærmare 160 % av driftsinntektene.

Fylkesmannens vurderingar

Sjølv om Vågsøy kommune frå 01.01.2020 skal slå seg saman med Flora kommune til Kinn kommune, skal Vågsøy utarbeide ein fire-årleg økonomiplan som omfattar det siste driftsåret før samanslåinga og de tre etterfølgjande år. Økonomiplanen skal handsamast og vedtakast etter lov og regelverk, og kan gi nytig informasjon til fellesnemndas arbeid med økonomiplan for dei første driftsåra i den nye kommunen.

Kommunelova § 44, nr. 4 krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp, jf. og § 46 nr. 6. Etter lov og regelverk er det eit krav at innsparinger (auka inntekter eller reduserte utgifter) som kommunestyret vedtek for å oppnå ein økonomiplan i balanse, skal vere fordele ut på dei enkelte ramme- /tenesteområda. Dette inneber at innsparingane blir fordele og trekkjer ned dei ulike løvyingane etter kommunestyret sine prioriteringar.

³ Kjelde: SSB statistikkbanken – førebelse Kostra-tal



I vedtaket til kommunestyret manglar det spesifikasjon for innsparinger på 25,4 mill. kroner i 2020, 42,8 mill. kroner i 2021 og 43,6 mill. kroner i 2022. Dette gjeld og fordeling av innsparinger i vakante stillinger på 1,8 mill. kroner. Vi føreset at innsparingane blir fordelt ut på dei enkelte ramme- /tenesteområda. Avklaring med fordeling av tiltaka er viktig for at Vågsøy kommune skal ha ein økonomi i balanse når fellesnemnda skal gjere arbeidet med budsjett- og økonomiplan 2020 – 2023 til det nye kommunestyret for Kinn kommune.

Det er budsjettet med negative netto driftsresultat i perioden 2019 – 2022, som betyr at det ikkje er midlar til eigenfinansiering av investeringar eller vidare å bygge opp ein reserve/buffer for uføresette hendingar som får negative økonomiske konsekvensar. Kommunen legg opp til ei sterk auke i lånegjelda, og blir derfor meir sårbar for ei ev. auke i renta som får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane.

Fylkesmannen sin konklusjon:

- Budsjettet for 2019 må vere i balanse etter prinsippet om god rekneskapsskikk. Kommunen må såleis budsjettere tilskotet på kr 7 750 000 til fotballhallen i Florø i driftsbudsjettet.
- Med grunnlag i vedteken økonomiplan pliktar Vågsøy kommune å fordele uspesifiserte innsparinger på 25,4 mill. kroner i 2020, 42,8 mill. i 2021 og 43,6 mill. kroner i 2022 ut på dei enkelte ramme- /tenesteområda. Det same gjeld innsparinger i vakante stillinger på 1,8 mill. kroner i perioden 2019 – 2022.
- I samråd med kommunen har vi sett ein frist til 01.06.2019 for å handsame og vedta revidert budsjett- og økonomiplan for 2019 – 2022.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:
Fellesnemnda for Kinn kommune
Kommunerevisjonen i Nordfjord